

februar 2011

Rettskrivingsnemnda for nynorsk

Innstillinga til revidert nynorskrettskriving. Merknader.

Pedagogiske omsyn

I mandatet åt rettskrivingsnemnda heiter det blant anna at det er eit mål ”å laga ei tydeleg, enkel og stram norm” og at ein skal laga ei norm som ”skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse”. Eg vil tru at det rår brei semje om at pedagogiske omsyn må ha mykje å seia i normeringsarbeidet. Det er difor synd viss den aktuelle skriftmålsnorma fortonar seg sprikande og usystematisk eller viss ho i liten grad harmonerer med talemålet til dei som skal bruka det nynorske skriftmålet mest. Eg vil hevda at faren for sprik og systemløyse er minst når ein tek mest omsyn til dei viktigaste ”nynorskdialektane”.

Mindreverdsstempel

Det har neppe vore nokon fordel korkje for morsmålslærarane eller for elevane at den tronge læreboknormalen har gitt alle sideformene (klammeformene) det som lett kan oppfattast som eit mindreverdsstempel. Eg meiner det er på høg tid at ein fjernar klammene, sjølv om ein endar opp med eit langt høgare tal på ”hovudformer” (det vil seia likestilte, valfrie former) enn det me har i dag.

Eg er samd med merknaden som er kommen frå instituttet LLE på UiB om at ”nemnda kunne ha gått litt mindre hardhendt fram [...] med omsyn til lydverket”.

Kommentarar til dei punkta som er lista opp i høyringsbrevet

A Berre *-leg*, ikkje *-lig* (*endeleg*, ikkje *endelig*).

Kommentar: Dette må me vel kunna leva med, òg me som i dialekten har *-lig(t)* så vèl som *-ig(t)*.

Det at ein skal skriva *-leg*, med *e*, og *-ig*, med *i*, bør vera ein lettfatteleg regel.

B Berre *-stilling*, ikkje *-stelling* (*framstilling*, ikkje *framstelling*).

Kommentar: OK (Men her er det då mange som eventuelt må ta ein liten ”snuoperasjon”.)

(Løye nok (?) har dialekten min (frå Kvilldal i Suldal) ”bestedla”, men ”framstidla”.

Jamfør med det at den gjeldande nynorsknorma har *bestilla* som eineform (jamsides *tinga*).

C Valfri *j* i verb som *leggje/legge* og *søkje/søke* og svake hokjønnsord som *bryggje/brygge* og *enkje/enke*.

Kommentar: Greitt

D Former med diftong blir eineformer i ord som *drøyme*, *høyre* og *køyre*. Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma *kjøre*.

Kommentar: Stryk for all del ikkje forma *kjøra/kjøre*. I denne "gruppa" er det store skilnader i det eksisterande "bruksomfanget" (både når det gjeld talemål og skriftmål). (I dialekten min heiter det i fortid "haure" og "haut", men "kjør(d)e" og "kjørt".)

E Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (*ramme*, *danne*).

Kommentar: Her trengst nyanseringar. Slett f. eks. ikkje substantivforma *råme*! Verbforma *råma/råme* tykkjast vera langt mindre "verneverdig".

F Valfri samsvarbøying i perfektum partisipp av svake verb (*Dei er presenterte/presentert*).

Obligatorisk samsvarbøying i perfektum partisipp av sterke verb (*Dei er frosne*). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøying i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøying også i svake verb.

Kommentar: Me bør halda på systemet med full samsvarbøying òg i svake verbformer. Regelen om å jamføra med adjektivformer som *stor / stort – store* og *ny / nytt – nye* må reknast som ganske enkel og pedagogisk.

G *Dykk* som subjektsform vert jamstilt med *de*. Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som *dokke(r)*, *dåkke(r)* eller *dokk*.

Kommentar: Eg får hug til å seia at det er tragisk om *dykk* blir tillaten som subjektsform. Forma *dykk* har temmeleg dårleg "status" blant ein del nynorskskrivande. (Eit lite døme: Eg har inntrykk av at mange nordhordlendingar nyttar "dekå" i staden for *dykk* i "SMS-språk" o. l.) Det finst vel elles ikkje noka pronomenform som har så mange talemålsvariantar som denne.

H I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye*, saman med klammeformene [*noe(n)*] og [*bare*]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.

Kommentar: Det var nær sagt ei ulukke for den nynorske skriftkulturen då formene *skole*, *mye*, *noe(n)*, *gikk*, *fikk*, *bar* og *bare* vart tillatne.

I Kløyvd infinitiv (*vera/tenkje*) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framlegget som har skapt mest diskusjon til no.

Kommentar: Det kan ikkje vera mykje å vinna på å forby bruk av kløyvd infinitiv.

J I-mål (*sola [soli]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.

Kommentar: Dette vil eg seia er unødvendig og uheldig. (→)

I mange kommunar, bl. a. i Vest-Telemark, Setesdalen, i dei indre delane av Hordaland og i Indre Sogn, blir skrivemåtar med *i-ending* nytta ganske konsekvent i den offentlege stadnamnforvaltinga.

Kommentarar til dei ulike punkta i kapitlet *Samandrag*

2 Lydverk

2.1 Vokalisme

2.1.1 Variasjon mellom to vokalar

Prinsippet er at lite brukte former går ut, men at det så langt som råd er, blir etablert mønster som kan vera til hjelp for nynorskbrukarane. Særleg former som i dag er klammeformer, går ut, men også ein del jamstilte former.

Kommentar: Kva er gale med forma *alter*? *Altar* (med *-a-* i andrestavinga) fortonar seg som ei veldig bokleg, høgtideleg og talemålsfjern form. Stryk heller denne.

Det er bra viss dei "bokmålsprega" formene *bar* og *bare* nå går ut.

Me burde hatt *fremmand* som rettskrivingsform i nynorsk. (Det går mest an å seia at den "pålagde" forma *framand* er med og "fremmandgjere" nynorsken for mange.)

Forma *hanga* må ikkje strykast. Viss den tilsvarande transitive verbforma nå skal kunna skrivast *utan j*, altså *henga*, får me eit uheldig samanfall i dei to parverba. Det må vera heilt greitt at forma *lakan* nå går ut.

Det er leitt viss me nå ikkje lenger skal kunna skriva *ær* (n.) i nynorsk.

Forma *ikorn* ser ut til å ha eit solid talemålsgrunnlag på ein stor del av Vestlandet. Kvifor er det då så om å gjera å stryka henne frå rettskrivingsordlista?

Formene *lippe* og *sev* har òg støtte i levande talemål fleire stader.

Forma *fet* (f.) blir nå tilrådd i aktuelle stadnamnsaker på Vestlandet, og skrivemåten med *-e-* er alt vedteken i ganske mange offisielle namneformer. (Skrivemåten *Fitjane* blir førd vidare i fleirtal.)

Me er veldig mange som seier *tri*. Kvifor skal me då ikkje få lov til halda fram med òg å skriva dette talordet *med i*?

Hankjønnsordet som er bokstavert *båe* i den gjeldande norma, vart skriva *boði* i normert gammalnorsk skriftspråk.

Ordet heng uløyseleg saman med inkjekjønnsordet *bod* (*boð*) (= 'varsel') og er nytta om grunnar som varslar seg sjølv fordi sjøen bryt på staden. Ordet *bo(d)e* blir stadig uttala med trong o-lyd på nær sagt heile Vestlandet og i den vestlege delen av Sørlandet. Her finst det ei mengd skjer som ber namn med etterledd av ordet *bo(d)e* / *båe*, og

skrivemåten *-boen* blir tilrådd brukt i offisielle namneformer i heile området. Han er så langt vedteken i 60 saker. Forma *-boden* er, på linje med *-lid* / *-lida*, aktuell på ein del av Sunnmøre og i Nordfjord og er her vedten i tri saker til nå. Nemnda bør vurderer å godkjenna *boe* som offisiell skrivemåte av nemninga.

Elles ... Det er bra at desse uetymologiske formene fell ut: *dråpe* (m.), *tåla*, *tålmod* og *skynda*.

Kan det vera nødvendig å føra vidare forma *mogeleg* jamsides *mogleg*

og *muleg*?

MÅ formene *klyppa* og *mòl* (m.; insektsnemninga) strykast? (Jf. med talemålsgrunnlaget. Rekna då naturlegvis òg med variantane "kløppa" og "møll".)

- For dei fleste ord[a] som i dag har veksling mellom *a* og *o*, går forma med *o* ut. Døme: *harv* [horv]. Forma [horv] går ut.

Kommentar: Er det nødvendig å fjerna formene *horv*, *tonn* og *tropp*? Dei er dei einaste gangbare i dialekten min.

- For dei fleste ord[a] som i dag har veksling mellom *e* og *æ*, går forma med *æ* ut. Døme: *seter* [sæter]. Forma [sæter] går ut.

Kommentar: *Æ-formene bør i størst mogleg grad fjørast vidare*. Dei avspeglar eit særpreg i mange norske dialektar.

Obs.: På Sunnmøre og i Nordfjord blir forma *-sæter* / *-sætra* nytta ganske gjennomført i offisielle stadnamnformer.

Personleg føler eg at former som *esing*, *gjeta* og *skremma* er fælt lite "kjennslege" og at dei er temmeleg bleike jamført med formene *æsing*, *gjæta* og *skræma*.

- (+ å – æ) Kanskje endå verre er det om me nå lyt skriva *låsa* og *måla* i staden for *læsa* og *mæla*.

Apropos "bevaringa" av *påle* og *pæl* som jamstelte former (med delvis ulikt innhald): Før opp *milpåle* i staden for *milepåle*. (Jf. med t. d. *milløp*.)

- (a – o og å – a) Eg er *ikkje* samd med tilrådinga som er kommen frå instituttet LLE på UiB om å føra vidare formene *vold*, *volda* og *mala* (= 'ha på fargestoff').

- Dei fleste ord som i dag kan skrivast med *ø* eller *y*, får to jamstilte former. Døme: *syster* [søster], *følgja* [fylgja], *fyrst/først*. Formene med *y* og *ø* blir jamstilte.

Kommentar: Dette er veldig bra.

- For å demma opp mot at det offentlege og læremiddelprodusentar skal velja dei mest bokmålsnære formene, går nemnda inn for at *skule*, *berr* og *berre* blir eineformer. Formene *skole*, [bar] og [bare] går ut or rettskrivinga.

Kommentar: Fint!

2.1.2 Diftong eller monoftong

- I ord som i dag har to valfrie former med monoftong eller diftong, blir formene med diftong framfor *m*, *r* og *st* eineformer. Døme: *flaum*, *høyra*, *røyst*.

- Ord med diftong framfor andre konsonantar får i nokre tilfelle ei valfri form med monoftong (som *jau/jo*, *lauk/løk*), mens dei i nokre få tilfelle får eineform med monoftong (som *greve* og *bønne*).

Kommentar: Fint! MEN det er slett ikkje bra at forma *køyra* blir eineform.

NB: *Tog* og *trog* er IKKJE monoftongeringsformer, men god *gamle* nynorskformer som ennå har eit visst grunnlag i levande talemål. Desse to formene bør difor ikkje slettast (i lag med nyare bokmålsprega former som *høra* og *drømme*).

Er det elles så viktig å fjerna den gamle dialektstøtta DIFTONGforma *kaun*?? I talemålet mitt heiter det "ain kaudn". *Kong* må eg kalla eit framandord.

2.2 Konsonantisme

2.2.1 Enkel eller dobbel konsonant

- Ord som i dag har hovudform med dobbel *m* og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle ha berre forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga. Døme: *plomme* [plome]. Forma [plome] går ut.

- Der forma med enkel og forma med dobbel konsonant synest stå like sterkt, blir formene valfrie. Døme: *kjøken* el. *kjøkken*.

Kommentar: Stort sett greitt. Eg likar på ingen måte forslaget om å stryka adjektivformene *krame*, *strame* og *tome*, då heller ikkje forslaget om å ta vekk verbformene *strama* og *tøma*. Dei er høgst levande på mine trakter. (Sjå elles merknaden til punkt E.)

Det er fint viss forma *koppar* (m.) blir stroken. Eg blir heller ikkje lei meg viss

presensformene *sett* og *sitt* og preteritumsforma *satt* blir fjerna.
NB: Her bør det vel òg seiast noko om *imperativ*formene til dei to parverba.

2.2.2 Annan konsonantvariasjon

- Ord som i dag har to valfrie former med ulike konsonantar, blir ståande med to valfrie former dersom begge er vanlege i bruk. Døme: *trua* el. *truga*.
- Former som er lite brukte, kan takast ut av rettskrivinga. Døme: *speida* el. *speia*. Forma *speia* går ut.

Kommentar: OK Obs.: **Forma *lisle* er aktuell i stadnamnormeringa der det er talemålsgrunnlag for henne.**

Viss forma *moda* blir stroken, må det presiserast at forma *oppmoda* (naturlegvis) blir førd vidare (som eineform).

2.3 Former med og utan j etter g og k

2.3.1 J-en er valfri i dagens rettskriving

Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som klammeform. Døme: *bygga/byggja*, *tenka/tenkja* *brygge/bryggje*, *rekke/rekkje*

Kommentar: OK

2.3.2 Verbalsubstantiv med stamme som endar på g eller k

Verbalsubstantiv som er avleide av stammar som endar på *g* eller *k* (t.d. *bygging*, *tenking*), skal framleis skrivast utan *j* framfor *-ing*.

Kommentar: OK ?; er det nødvendig å ”forby” dei som skriv *leggja ut* å òg skriva *utleggjing*?
Ein kan her på sett og vis snakka om ein konsekvent bruk av *j*-former.

2.3.3 Ord med obligatorisk j etter g og k

- Skrivemåten med eller utan *j* blir valfri i nokre ord som tidlegare har hatt obligatorisk *j* etter *lg* og *rg*. Døme: *følgja/følga*, *sørgja/sørga*.
- Nokre tradisjonelle former skal framleis ha obligatorisk *j*: *fylgja*, *syrgja*, *læggje*, *tæggje*.
- Verbet *ynskja/ønskja* og substantivet *ynske/ønske* får valfri skrivemåte med eller utan *j*: å *ynska* el. *ynskja* el. *ønska* el. *ønskja*; eit *ynske* el. *ynskje* el. *ønske* el. *ønskje*.

Kommentar:

Eg ville ikkje rekna det som noko stort tap om ein strauk alle *y*-formene, *bylgja* (v.), *bylgje* (f.), *fylgja* (v.), *fylgje* (f.), *fylgje* (n.), *ynsk(j)e* (n.) og *ynsk(j)a* (v.).

2.4 Skrivemåten av ein del enkeltord

2.4.1 Substantiv med valfri utgang på -e

- Arveord med valfri utgang på *-e*, t.d. *blom/blome*, blir ståande med to valfrie former.
- Nokre arveord som har hatt éi form, får no to valfrie former (t.d. *lengd/lengde*).

Kommentar: Flott!

- Lite brukte variantar av nokre få importord går ut: *kabyse*, *kahytte*, *krønik*, *premi*, *pins* (høgtid), *sjapp* (liten butikk).

Kommentar / råd: Stryk ikkje forma *kahytte*. Eg har inntrykk av at ho står veldig sterkt på store delar av Vestlandet.

2.4.2 Andre enkeltord

- Ord med to variantar som begge er mykje i bruk, skal framleis ha to valfrie former. Døme: *augekast* eller *augnekast*.
- Variantar som viser seg å vera lite i bruk, går ut or rettskrivinga. Døme: *Armbrøst* blir eineform, *armbøst* går ut or rettskrivinga.

Kommentar: OK (stort sett) Det er fint at det er føreslege å sletta formene *gjøra*, *mye* og *utstrakt*.

Stryk ikkje forma *huja*. Ho er den einaste gangbare på mine trakter.
Til dette med *maria-* eller *mari-*: Det vil vera best å føra vidare kortformene (marinøkleband, marinøkleblom o. s. v.) som då er enklaste å seia.

MÅ den "folkelege" adverbforma *sia* gå ut?

Det er klokt å jamstilla formene *skirseld* / *skjærseld* og *skirtorsdag* / *skjærtorsdag*.

Er det nødvendig å stryka ut formene *skruva* (v.) og *skruve* (m.)?

Dei står sterkt på heimtraktene mine i lag med formene "huva" (f.) og "tuva" (f.).
(obs.!) Kvifor er ikkje det sistnemnde ordet teke med på "lista"?

2.5 Nokre prefiks og suffiks med valfridom

2.5.1 Fore- el. føre-

Fordelinga av *for-*, *fore-* og *føre-* blir som *før*. *Forbilde*, som *før* var klammeform, blir no jamstilt form.

Kommentar: Fint!

2.5.2 -stella el. -stilla

Forma *-stella* og avleiinga *-stelling* går ut or nynorsk rettskriving. Formene *-stilla* og *-stilling* blir eineformer. Det inneber at *førestella* og *førestelling* blir endra til *førestilla* og *førestilling* (i tydinga 'tanke, idé').

Kommentar: Greitt

3 Formverket

3.1 Substantiv

3.1.1 Hankjønnsord i fleirtal

➤ Hankjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-er*, *-ene* som hovudform (typen *benk*, *vegg*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme: ○ *benk*, *benken*, fl. *benker*, *benkene*, el. *benkar*, *benkane*.

Kommentar: Greitt(?) Ein bør spørja seg: Kva former vil nå bli vanlege i lærebøkene (t. d.), og kva kjem så seinare til å skje med *-er* / *-ene* -formene? (–er-formene står sterkt i talemålet mitt.)

➤ Hankjønnsord på *-nad* og *-a* (typen *bunad*, *villa*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:

○ *bunad*, *bunaden*, fl. *bunader*, *bunadene*, el. *bunadar*, *bunadane*

○ *villa*, *villaen*, fl. *villaer*, *villaene*, el. *villaar*, *villaane*

Kommentar: OK

3.1.2 Sterke hokjønnsord i fleirtal

➤ Hokjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-ar*, *-ane* som hovudform (typen *elv*, *myr*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme: ○ *elv*, *elva*, fl. *elvar*, *elvane*, el. *elver*, *elvene*

Kommentar: OK(?)

Skrivemåtane *elvane*, *heiane*, *kleivane*, *myrane*, *vikane* og *øyane* er (og vil venteleg alltid(?) bli) aktuelle i ei mengd offisielle stadnamnformer her i landet. Det same vil då gjelda forma *fitjane*, sjølv om det nå blir slik at skrivemåten *fit* går ut til fordel for forma *fet*. (Jf. med punktet 2.1.1.)

NB: Nemnda må vel seia noko meir om fleirtalsformene til det sistnemnde sterke hokjønnsordet. I dag føreligg desse formene: *fitjar* [fiter]. Vil nemnda her gå inn for å godkjenna både *fitjar* ((, *fitjer*?)), *feter* og *fetar* eller berre *feter* og *fetar*? (Eg reknar med at forma *fetjar* er heilt uaktuell (for ikkje å snakka om *fetjer*). (Jamfør med *giljar* som i stadnamnnormeringa er aktuell som fleirtalsform til ordet *gjel* / *gil*. Obs.: Dette ordet opptrer både som hokjønnsord og inkjekjønnsord i nedarva stadnamn.)

➤ Hokjønnsord som endar på *-ing*, skal framleis ha fleirtalsbøying *-ar*, *-ane*. Døme: ○ *dronning*, *dronninga*, *dronningar*, *dronningane*

Kommentar: Fint (Kva *eintalsformer* (/kjønn) desse orda skal ha, er kanskje ikkje så heilt sjølvst. Det finst ein del hordalendingar som skriv f. eks. *ein sending* i tråd med talemålet sitt.)

3.1.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord får *-a* som eineform: *bygda*, *husa*. Formene [*bygdi*] og [*husi*] går ut or rettskrivinga.

Kommentar: Sjå merknadene til punkt J.

3.1.4 Eintalsbøying av svake hokjønnsord

Ubunden form eintal av svake hokjønnsord [*ei visa*] går ut or rettskrivinga. *Ei vise* blir eineform.

Kommentar: Det er "betenkjeleg" at det er så lite kjent at *a*-formene har vore gangbare òg i seinare tid.

3.1.5 Regelrett fleirtalsbøying av svake hokjønnsord

Fleirtalsformene [*-or*], [*-one*] av svake hokjønnsord går ut or rettskrivinga. Bøyingsmønsteret *viser – visene* blir eineform i fleirtalsbøyinga av svake hokjønnsord.

Kommentar: Greitt?? (Kva seier t. d. vesttelemarkingane til dette?)

3.1.6 Regelrett bøying av nokre inkjekjønnsord

Orda *auge/auga*, *hjarde/hjarta* og *øyre/øyra* skal ha desse bøyingsmønsterane: *auge – auget – auge – auge*, el. *auga – auge – auge – auge* *hjarde – hjartet – hjarde – hjarta*, el. *hjarta – hjarta – hjarta – hjarta* *øyre – øyret – øyre – øyra*, el. *øyra – øyra – øyro – øyro*

Kommentar: Fint! (Men obs.: Setninga "Eg har vondt i *auga* (som eg fekk ei grein i i går)." blir tvitydig.)

3.1.7 Fleirtalsbøying av nokre enkeltord

➤ Fleirtalsformene *menner*, *feilar – feilane*, *lyser – lysene*, *myser – mysene*, *vemmer – vemmene* og *miler* har såpass lita støtte i skriftmålet at dei går ut.

Kommentar: ☐ *miler* > *mil* og *feilar* > *feil*

Argument for: - i tråd med det som er mest sagt og skrive i dag

Mot: Kortformene bryt med det tradisjonelle bøyingsmønsteret for hokjønns- og hankjønnsord (upedagogisk)

☐ stryking av formene *menner*, *lyser*, *myser* og *vemmer* – Dette vil vera vanskeleg å svelgja for alle oss som har desse formene i talemålet vårt. Blant desse fire formene er forma *menner* i ei særstilling på grunn av hyppigare bruk i tale og skrift.

➤ *Sko – skoa* og *skor – skorne* blir ståande som jamstilte former.

Kommentar: Fint

3.1.8 Fleirtalsformene av nokre historiske folkenamn

Folkenamn på *-ar* skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri *-ar-* i fleirtal: *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane*.

Kommentar: Flott!

3.1.9 Innbyggjarnemningar

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (*-ar*) i grunnforma, får no obligatorisk ending *-ar*, t.d. *afghanar*, *afrikanar* osv.

Kommentar: Bra!

3.1.10 Vekedagane

Vekedagane skal framleis ha dei same namna som før: *sundag* el. *søndag*, *måndag*, *tysdag*, *onsdag*, *torsdag*, *fredag*, *laurdag*

Kommentar: Fint

3.1.11 Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*

➤ Inkjekjønnsord på trykklett *-el* får full form i bunden form eintal og samandregen form i bunden form fleirtal (med unntak av *kvartel*).

Kommentar: OK

➤ Inkjekjønnsord på trykklett *-en* og *-er* får full form i bunden form eintal og bunden form fleirtal. Unntak: *Våpen* får valfritt *våpna/våpena*.

Kommentar: OK

3.1.12 Framandord (importord) på *-um*, *-on*, *-us* og *-a*

➤ Framandord av gresk og latinsk opphav på *-on*, *-um*, *-us* og *-a* får som hovudregel bøyning i samsvar med hovudmønster for substantiv i norsk.

➤ Framlegget omfattar òg nokre importord på *-a* frå andre språk, t.d. *geisha*.

Kommentar: Dette er bra! (sjølv om enkelte(?) skriv "fleire medier" i dag)

3.1.13 Kjønn i substantiv på *-ing* og *-ning*

Reglar for kjønn på ord som endar på *-ing/-ning*

1. Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks. Verbalsubstantiv med *-(n)ing* som står for ei handling, er utan unntak hokjønnsord (t.d. *skrivning*, *modning*, *utbygging*, *forvalt(n)ing*).

2. Dei orda på *-ing* som er avleidde av substantiv og adjektiv, er hankjønnsord (m.a. innbyggjarnamn som *sørlending*, *totning* og *riking*, *raring*).

3. Person- og dyrenemningar på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *villstyring*, *flyktning*, *slektning*, *grevling*, *einhyrning*), unnateke når det biologiske kjønn tilseier hokjønn (t.d. *dronning*, *kjerring*).

4. Nemningar for omgrep som har fått konkret innhald, blir ofte hankjønnsord (t.d. *bygning*, *lusing*, *smurning*) eller får valfri bøyning (t.d. *binding*, *kryssning*, *pakning*).

Nokre ord får valfritt kjønn som konsekvens av framlegget: *bedding*, *demning*, *festning*, *forlegning*, *frysning*, *ladning*, *lysning*, *munning*, *strekning*.

Kommentar: Bra

3.1.14 Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn

➤ Dei fleste orda som er førte opp i saksutgreiinga under pkt. 3.1.14, må reknast som ulike oppslagsord fordi dei har ulikt kjønn og tydingsnyansar.

Kommentar: Det verkar uklårt kva nemnda meiner her.

Eit eksempel: Eg oppfattar det slik at det som gjeld nå, er at både hankjønnsforma *krane* og hokjønnsforma *kran* kan nyttast med begge tydingane, 'vasskran(e)' og 'heisekran(e)'. Det er ikkje presisert om nemnda meiner at ein heretter må skriva *ein vasskrane* og *ei heisekran* eller om det er omvendt. Svaret gir seg ikkje sjølv.

Obs.: I ein stor (sørleg?) del av det tradisjonelle nynorskområdet blir ordet *kran(e)* berre brukt som hankjønnsord i talemålet. Mange seier "ein vasskrane" (eller då berre "krane") og "ein heisekran". I tråd med dette bør ein nå godkjenna desse formene: *krane* m. eller *kran* m. / f.

➤ Nokre få former går ut fordi dei har same tyding[a] som forma som blir ståande, og samstundes er svært lite i bruk i dag. Det gjeld: *ei blekksprute, ei krydde / eit krydd, ei muskedundre, ei trikine og ein trug*

Kommentar: Det siste, om *trug*, verkar ufatteleg for meg.

Eg vil påstå at eg aldri har høyrte nokon seia "ei truge" eller " .. truga", og eg veit sant å seia ikkje om eg har registrert tidlegare at den svake hokjønnsforma finst i "skriftmålsverda". På mine trakter blir ordet brukt fjellstøtt som eit sterkt hankjønnsord. (Fleirtalsforma er etter gammalt *trygar*.)

3.1.15 Substantiv på *-sel/-sle*

Substantiv med suffikset *-sel* får hankjønnsbøying (i nokre tilfelle inkjekjønnsbøying), mens substantiv på *-sle* får hokjønnsbøying. Døme: *ein ferdsel – ferdsele; ei ferdsle – ferdsle*

Kommentar: OK, men "legalisér" òg formene *skræmsel* og *skræmsle*.

3.1.16 Substantiv på *-0/-er*

Dei fleste substantiva som før har hatt både ei kortform og ei alternativ form med *-er*, skal no berre ha kortform. Unntaka er *jest/jester* og *ert/erter*.

Kommentar: OK

3.1.17 Nokre substantiv på *-vere/-vær(e)*

Suffikset *-vere* går ut av rettskrivinga. *Fråvær, nærvær* og *samvær* kan skrivast utan *-e*, men alle orda med dette suffikset kan òg ha forma *-være*.

Kommentar: Det må vera greitt at ein nå tek vekk formene på *-vere*.

Er det nødvendig å føra vidare anna enn dei *sterke* formene med *-æ-*; kan ikkje òg formene på *-være* strykast?

3.1.18 Kjønn på substantiv med suffikset *-skap*

➤ *-skap*-ord som er laga av eit adjektiv eller verb, er hankjønnsord. Det er ofte ord for ein tilstand eller ein eigenskap: *edruskap, gjevsmildskap, vrangskap*.

➤ Ord som beskriv eit organ eller ein institusjon, er inkjekjønnsord: *ekteskap, forstandarskap, presteskap, selskap*.

➤ Ord som er laga av substantiv og beskriv ei rolle eller eit fenomen, er hankjønns- eller inkjekjønnsord: *farskap, fellesskap, naboskap*.

➤ Tre ord med eit substantiv som føreledd skal vera berre hankjønnsord: *buskap, donskap* (doning) og *vitskap*.

Ein del ord får valfri hankjønns- eller inkjekjønnsbøying som følgje av framlegget.

Kommentar: OK

3.1.19 Kjønn på *dialekt* og nokre andre ord

Nemnda har diskutert kjønn på *dialekt* og på ein del andre importord, og ser at det er gode grunnar for å innføra valfritt hankjønns eller hokjønns på mange av dei. Av tidsomsyn går nemnda likevel ikkje inn i spørsmålet om kjønn på einskildord.

Kommentar: Greitt

3.2 Adjektiv og adverb

3.2.1 Adjektiv på *-en*

Hokjønnsbøyinga *[-i]* (*ei opi dør*) heng saman med i-mål og går ut or rettskrivinga saman med i-målet. Inkjekjønnsforma *-ent* blir jamstilt med *-e*: *ope* eller *opent*.

Kommentar: Det er svært leitt viss det ikkje lenger blir rom for ei eiga hokjønnsform av ordet *open*. Me er mange som har talemålsgrunnlag for å skriva *ei opa dør*. (Jamfør med vidareføringa av forma *lita*.)

3.2.2 Komparativ og superlativ av visse stadadverb

Langformene i komparativ og superlativ av nokre stadadverb går ut or rettskrivinga, t.d. former som *attare – attast*.

Kommentar: OK

3.2.3 Skrivemåten av ein del preposisjonar og adverb

➤ Alle retningsadverb får *-an-* som samansetjingsfuge: *utanfor, austanfor*. Samansetjingsfuga *-a-* i preposisjonar og adverb går ut or rettskrivinga.

Kommentar: Greitt

➤ Adverb som har *-mellom* som sisteledd, skal ha berre *-i-* som samansetjingsfuge: *veggimellom*. Former som *veggemellom* går ut.

Kommentar: Heilt greitt

3.2.4 Suffiks i adjektiv og adverb

➤ Adjektiv- og adverbsuffiks som har to variantar, får berre ein variant. Suffikset *-et/-ete/-ut* blir redusert frå tre til ein variant: *-ete*.

Kommentar: Greitt

➤ Formene *-ig* og *-ug* blir ståande, fordi dei ikkje alltid kan brukast synonymt. Døme: *lystig, gridug* (tidleg i gang om morgonen).

Kommentar: Fint!

3.2.5 Adjektiv med og utan binde-e

➤ Adjektiv som i dag har valfri binde-*e*, blir ståande som før.

➤ Også desse adjekta får valfri binde-*e*:
appetitt(e)leg, mak(e)leg, opphav(e)leg, sjuk(e)leg

Kommentar: Greitt

3.3 Pronomen og determinativ

3.3.1 Pronomen

➤ Objektsforma *honom* går ut or rettskrivinga, og subjekts- og objektsforma blir samanfallande: *han – han*.

Kommentar: Er dette nødvendig?

➤ I 2. person fleirtal skal det vera mogleg å bruka same form som subjekt og objekt: *dykk – dykk*. Det er framleis høve til å skilja mellom subjekts- og objektsform som før: *de – dykk*.

Kommentar: Nei, nei! Sjå merknadene til punkt G.

3.3.2 Determinativ

➤ Determinativa *hennar, deira, annan* og *nokon* blir eineformer. Klammeformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*] og [*noen*] går ut or nynorsk rettskriving.

Kommentar: Greitt nok

➤ Klammeforma [*eigi*] heng saman med i-målet og går ut or rettskrivinga.

➤ *Nokon* får forenkla reglar for fleirtalsbøyinga.

➤ Determinativet *sjølv* kan framleis heita *sjølv* eller *sjølve* i fleirtal.

3.4 Verb

3.4.1 Infinitiv

Innanfor nynorsk rettskriving skal ein kunna bruka a-infinitiv eller e-infinitiv. Kløyvd infinitiv går ut or rettskrivinga.

3.4.2 Presens på [-er] av sterke verb

Klammeforma [-er] går ut, slik at kortforma i presens blir eineform: *bit, kjem, dreg*.

Kommentar: Greitt

3.4.3 Perfektum partisipp på -i av sterke verb

Perfektum partisipp på -i av sterke verb går ut av nynorsk rettskriving, og forma med -e blir eineform: *lese, funne*.

Kommentar: OK(?)

3.4.4 Refleksiv- og passivformer på [-s]

Refleksiv- og passivforma [-s] går ut av nynorsk rettskriving, og forma med -st blir eineform: *minnast – minnest – mintest – minst*

Kommentar: Flott!

3.4.5 Sterke og svake verb med kort og lang form i infinitiv og andre dobbelformer

Vedlegg 4 inneheld ei oversikt over verba som blir behandla her, med framlegg til ny rettskriving.

3.4.5.a Kort eller lang form i infinitiv av ein del sterke og svake verb

Dei lange infinitivsformene av desse verba går ut av rettskrivinga: *be, bla, blø, dra, flø, gjø, gla, gli, gni, ha, kle, kvi, lø, skli, skru, spa, ste, sva, svi, ta, tre, træ, vri* For nokre verb er det eit tydingsskilje mellom kortforma og langforma, for andre er det utbreiing eller frekvens som fører til at langforma bør bli ståande. Det gjeld desse verba:

➤ *bre(da), by/byda, fly/flyga, fø/føda, gje/gjeva, gle/gleda, glø/gløda, grø/grøda, la/lada, la/lata, li/lida, ri/rida, rå/råda, skri/skrida, stri/strida, va/vada*

Kommentar: Stryk ikkje forma *skruva*. Jf. med siste avsnittet i merknadene til punktet 2.4.2.

➤ *skada* (som blir eineform)

Kommentar: Det må vera heilt unødvendig å ta vekk infinitivsforma *ska*.

Pedagogisk sett vil det vera uheldig ha berre *skada* som ”obligatorisk” langform i den aktuelle verbgruppa.

Ein bør heller vurderer å ta *skar* inn som presensform, anten jamsides *skader* eller i staden for denne. Jf. med bøyingsformene *gle – gler*.

3.4.5.b Valfridom mellom sterk og svak form i presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv sluttar på trykktung rotvokal

➤ Sterke verb på utlydande trykktung vokal (t.d. *gli*) kan ha svakt presens og svakt perfektum partisipp ved sida av dei sterke formene:

glir – glidd ved sida av *glid – glide*

Kommentar: OK(?)

(Eg reknar då med at det er meininga å ha *glei(d)* stadig som ”fellesform” i preteritum.

Dette kan ikkje seiast å vera udelt bra pedagogisk sett.)

(Ein må nok her elles ta med i ”kalkylen” at somme vil bli freista til å nytta kryssbøyingar, eksempelvis bøyinga *gli – glir – gleid – glide*, som passar til bl. a. min dialekt. (Me har ”stum d”, men det er naturleg for oss å skriva *gleid*, med *d*, slik me òg skriv *stod* i staden for *sto*.)

Jf. òg med det ganske parallelle verbet *skli / sklida*. Forma *sklida* bør ikkje takast vekk.

➤ Når det gjeld verba *dra, la(ta)* og *ta*, blir den svake bøyinga (som tidlegare var klammeform) jamstilt med den sterke:

drar – dradd/dratt el. *dreg – drege*, *lar – latt* el. *lèt – late*, *tar – tatt* el. *tek – teke*

Kommentar: Greitt

➤ Det skal framleis vera valfritt å bruka sterkt eller svakt bøyingsmønster av verba *by(da), gni, skli, stri(da)* og *vri* i alle tider.

Kommentar: OK

3.4.5.c Sluttkonsonant i preteritum av ein del sterke verb

➤ Preteritumsformene *bad*, *drog* og *gav* skal framleis vera eineformer i nynorsk-rettskrivinga. Preteritumsforma [*sto*] fell bort, og *stod* blir eineform.

Kommentar: Fint!

➤ Verba med valfri sluttkonsonant etter diftongen *ei* i preteritum skal framleis ha valfrie former med eller utan sluttkonsonant: *glei/gleid*.

Kommentar: Her kunne ein kanskje gjort formene med *d* til eineformer.

3.4.5.d Valfri inkjekjønnsform i perfektum partisipp av verb på -0, -d, -g, -v

➤ Verb med stamme som endar på -0, -d, -g eller -v, får -dd eller -d som ending i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp: *sydd*, *gnidd*, *bygd*, *levd*.

Kommentar: Dette harmonerer dårleg med sørvestlandsk talemål og det er lite pedagogisk med tanke på det som er føreslege i punktet 3.4.8.

➤ Partisippformene av *seia*, *legg(j)a*, *ha* og dei svake partisippformene av *ta* og *la* får -t: *sagt*, *lagt*, *hatt*, *tatt*, *latt*.

Kommentar: OK

➤ Partisippforma av *dra* kan ha -d eller -t: *dradd* eller *dratt*.

Kommentar: Kva er det som gjer forma *dratt* (med *tt*) meir gangbar enn forma *sytt*?

3.4.6 Nokre tradisjonelle verbformer

3.4.6.a Variantane *gi/gje(va)*, *gå [ganga]*, *stå [standa]*

➤ Infinitivsformene [*ganga*] og [*standa*] med tilhøyrande bøyingsformer går ut av nynorsk rettskriving.

Kommentar: OK(?) Formene *gjenge* (i dialektane delvis ”gje,e”) og *stade* har så pass stort talemålsgrunnlag at dei burde vore godkjende i lag med formene *gått* og *stått*. Jf. med jamstillinga av formene *slege* og *slått*.

➤ *Gi* og *gje* og *gjeva* skal framleis vera jamstilte verbbøyingar.

Kommentar: Greitt

3.4.6.b Bøying av *få*, *gå*, *slå*, *slåst*, *stå*

For verba *få*, *gå*, *slå*, *slåst* og *stå* går sideformene [*fær*] – [*fikk*] – [*fenge*], [*gjeng*] – [*gikk*] – [*gjenge*], [*slær*], [*slæst*], [*stend*], [*sto*] og [*stade*] ut or norma. Verba skal bøyast slik etter ny rettskriving: *få* – *får* – *fekk* – *fått* *gå* – *går* – *gjekk* – *gått* *slå* – *slår* – *slo* – *slått/slege* *slåst* – *slåst* – *slost* – *slåst/slegest* *stå* – *står* – *stod* – *stått*

Kommentar: Det er bra at formene *fikk*, *gikk* og *sto* går ut.

3.4.6.c Preteritumsformene *lagde* og *sagde*

For verba *leggja* og *seia* går preteritumsformene *lagde* og *sagde* ut or rettskrivinga.

Kommentar: OK(?)

3.4.6.d Bøying av *tre(da)* og *trå*

Det sterke bøyingsmønsteret og langforma i infinitiv og presens av verbet *tre(da)*: Formene *treda* – *tred(er)* – *tro(d)* – *trede/tredi/tredt* går ut or rettskrivinga. Ny bøying blir: *tre* – *trer* – *tredde* – *tredd* Dei sterke bøyingsformene til verbet *trå*: [*trær*] – *tro(d)* – *trede/tredi* går ut or rettskrivinga. Ny bøying blir: *trå* – *trår* – *trådde* – *trådd*

Kommentar: OK(?) Her får me eit litt uheldig samanfall med det likelydande verbet som har tydinga ’ha hug på / hika etter’.

3.4.7 Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

- J-verb har endinga *-de* som eineform i preteritum.

Kommentar: OK (Altså *vande*, ikkje korkje *vante* eller *vente* (eller *vende*?; evt. ny form))

- E-verb med stammeutgang på *v, g, d* eller *m* (konsonantane i VM-DAG) får endinga *-de* i preteritum. To av desse kan i tillegg ha *-te*:
 - *bestemte, limte*

- E-verb med stammeutgang på *f, l, s, k, p, t* eller *r* (konsonantane i FLASKEPOSTAR) har endinga *-te* i preteritum. Nokre av desse kan i tillegg ha *-de*:
 - *neglde, siglde*
 - *hørde, kørde*

Kommentar: OK (bortsett då frå dette at det framleis bør vera lov å nytta formene *kjøra – kjørde – kjørt*. Her må då *kjørte* bli tillaten som alternativ preteritumsform.)
(Eg tekk det for gitt at verba *negla* og *sigla* framleis òg skal kunna bøyast som a-verb.)

- E-verb med stammeutgang på *n* får oftast *-te* (*lånte, minte*), men nokre kan i tillegg enda på *-de*:
 - *brenna, erkjenna, kjenna, renna, tenna* og *røyna*
 - *egna, gjegna, regna, skygna* og *hemna, nemna, stemna*

Kommentar: OK (Eg reknar med at verba *egna, regna, skygna, hemna* og *stemna* framleis òg skal kunna bøyast som a-verb.)

3.4.8 [-d]-bortfall i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp

- Svake verb med preteritum på *-de* skal ha *-t* i inkjekjønn av perfektum partisipp: *har kjent, det er kjent*. Klammeforma på [-d] fell bort.

Kommentar: Flott!

- Unntak er verb med *-dde, -gde* og *-vde* etter vokal i preteritum; dei skal etter framlegg under punkt 3.4.6.d [3.4.5.d] ha *-d* i inkjekjønn av perfektum partisipp (typen *arbeidd, bygd, kravd*).

Kommentar: Dette er uheldig og upedagogisk. Sjå merknaden til punktet 3.4.5.d.

3.4.9 Bøying av nokre enkeltverb

- Nokre verb som i dag berre kan vera e-verb, får no valfri bøying som a- eller e-verb. Døme: *drønna, lada, leia*.

Kommentar: Eg sluttar meg til merknaden som er kommen frå instituttet LLE på UiB om at *løn(n)a* bør kunna bøyast som a-verb. Eg er ikkje samd med tilrådinga deira om å tillata a-bøying av verba *dekk(j)a, forleng(j)a* og *styrk(j)a*.

- Nokre andre verb får endra bøying, i dei fleste tilfelle ved at det kjem inn ei valfri form i tillegg til den eksisterande. Døme: *eiga – åtte – ått*; el. *eigde – eigd*.

Kommentar: Det er veldig bra at formene *åtte – ått* blir førde vidare.

3.5 Samsvarbøying

3.5.1 Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling

1. Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøying eller stå i inkjekjønnsforma:

Pakken er løynd/løynt Han er presentert. Resultatet er løynt Det er presentert. Dei er løynde/løynt Dei er presenterte/presentert.

2. Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøying i predikativ stilling:
Fisken er frosen. Vatnet er frose. Bollane er frosne

3. Tilsvarande system gjeld i attributiv stilling. Den ubøygde forma får då fleirtalsending:

Ein løynd/løynt pakke løynde/løynte pakkar frosne bollar

Kommentar: OK

3.5.2 Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb

Desse partisippformene skal ikkje ha samsvarbøying: *blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, sett, slått, stått, tatt* Døme: Begge laga vart slått ut av cupen. Bøkene er utgitt av Samlaget.

Kommentar: Eg støttar her merknaden som er kommen frå instituttet LLE på UiB.
(Skal ein skriva *nyleg utslåtte lag* el. .. *utslådde* .. eller begge delar,
nyleg utgitte bøker el. .. *utgidde* .. eller begge delar? Det blir tilrådd å
gjera dette valfritt.)

Med helsing frå

Kjell Erik Steinbru